

FORVALTNINGSPLAN FOR HJORT I VANYLVEN KOMMUNE 2025 – 2030



Innleiing	3
Planprosessen	4
Hjorten i Vanylven	5
Minsteareal	6
Teljing av hjort	7
Fallvilt og påkøyringar	8
Skada på jord- og skogbruk	10
Mål og virkemidlar	11
Andre virkemidlar	13

Innleiing

Forskrift om hjortevilt av 2016 § 3 Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr: *Kommunen skal vedta mål for utviklinga av bestandane av elg, hjort og rådyr der det opna for jakt på arten. Måla skal blant anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på naturmangfaldet, jord- og skogbruk og omfang av viltulukker på veg og bane.*

Kommunen har ei overordna ansvar for verdier og interessa knyt til opplevingsverdier, biologisk mangfald, trafikkutfordringar, skade på jord- og skogbruk og andre skadar/ulempa. Det kommunale ansvaret ligg difor hovudsakleg i regulering av storleiken på dei ulike bestanda. Kommunen har også ansvar for å ta i vare grunneigarane sin rettigheter og rettstryggleik gjennom å fastsetje forskrifter og fatta einskildvedtak. Rettighetshavarane har ansvar for å utarbeide bestandsplanar i samsvar med offentlege føringar og kommunen sin forvaltningsplan for hjort, samt følge opp egne planar.

Hjortejakta i Vanylven har lange tradisjonar og er viktig for både jegerar og grunneigarar.

Det er ein god del lovverk ein må halde seg oppdatert på:

Viltlova

§1 seier at viltet og viltet sine leveområde skal forvaltast i samsvar med Naturmangfaldlova og på ein slik måte at naturen sin produktivitet og artsrikdom takast i vare. Innan for denne ramma kan viltproduksjonen haustast til gode for landbruksnæringa og ikkje minst friluftsliv.

Naturmangfaldlova

§1 «Lovens føremål er at naturen med den biologiske, landskapsmessige og geologiske mangfald og økologiske prosessar tek vare på ved berekraftig bruk og verne, også slik at den gjev grunnlag for menneskjene sin verksemd, kultur, helse og trivnad, nå og i framtida, også grunnlag for samisk kultur».

§5 Forvaltnings mål for artar. «Målet er at artane og deira genetiske mangfald takast i vare på lang sikt og at artane førekjem i levedyktige bestandar i sine naturlege utbredelses områder. Så langt det er nødvendig for å nå dette målet ta vare på artens økologiske funksjonsområder og dei varige økologiske betingelsane som dei er avhengig av. Forvaltningsmål etter første ledd gjeld ikkje for framande artar».

§8 Kunnskapsgrunnlaget. «Offentlege vedtak som røra ved naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg byggje på vitenskaplege kunnskapar om arters bestandssituasjon, naturtypars utbreiing og økologiske tilstand, samt effekten av påverknadar. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet. Det genetiske mangfald innanfor domestiserte arta skal forvaltast slik at det bidreg til å sikre ressursgrunnlaget for framtida».

Dyrevelferdslova

§1 Føremål. *«Føremålet med lova er å fremje god dyrevelferd og respekt for dyr». §3 Generelt for handsaming av dyr. « Dyr har eigenverdi uavhengig av den nytteverdien dei måtte ha for menneska. Dyr skal handsamast godt og vernast mot fare og unødvendige påkjenningar og belastningar».*

Hjorteviltforskrifta

§1 Føremål. *«Føremålet med denne forskrifta er at forvaltninga av hjorteviltet tek i vare bestandens og leveområdas produktivitet og mangfald. Det skal leggjast til rette for ein lokal og berekraftig forvaltning med sikte på nærings- og rekreasjonsmessig bruk av hjorteviltressursane. Forvaltninga skal vidare sikre bestandstorleik som førar til at hjorteviltet ikkje forårsakar uakseptable skadar og ulempa på andre samfunnsinteresser».*

§3 Mål for forvaltning av elg, hjort og rådyr. *«Kommunenskal vedta mål for utviklinga av bestandane av elg, hjort og rådyr der det er ope for jakt av artane. Måla skal bland anna ta omsyn til opplysningar om beitegrunnlag, bestandsutvikling, skadar på naturmangfaldet, jor- og skogbruk og omfanget av viltulukkar på veg og bane».*

§4 Interkommunalt samarbeid. *«Kommunane bør samarbeide om felles mål for hjortevilt bestandane når det er hensiktsmessig å samordne bestands planlegginga over kommunegrensane. Fylkeskommunen kan påleggje kommunar å inngå slike samarbeid om det sjåast på som nødvendig for ta i vare bestands- eller samfunnsmessige omsyn på regionalt nivå».*

Planprosessen

Utkast til plana vert sendt ut til høyring i 6 veker til utmarkslaga, bondelaget, skogeigarlaget, nabo kommunar og fylkeskommunen. Etter høyringsfristen er gått ut, vil innspela bli vurdert og eventuelt arbeidd inn i plana. Forvaltnings plana skal fyrst til driftsutvalet og deretter til formannskapet til endeleg godkjenning.

Organisering

Hjortejakta skjer gjennom grunneigar samanslutningar, og er organisert i 4 storvald med bestandsplanar som dekkjer heile Vanylven, desse er:

Rovde utmarkslag

Syvde utmarkslag

Hovda utmarkslag

Søre Vanylven utmarkslag

Hjorten i Vanylven

Felte hjort 2019 – 2024

Jakt år	Han kalv	Ho kalv	Han 1 ½ år	Ho 1 ½ år	Han 2 ½ år og eldre	Ho 2 ½ år og eldre	Som felte hjort	Tal jeger dagar	Tal jaktfelt
2019	98	83	144	91	84	153	653	404	6
2020	80	96	141	126	94	154	691	726	14
2021	136	122	120	123	115	191	807	1255	18
2022	112	94	83	88	104	176	657	1179	18
2023	117	102	101	100	115	178	713	1307	21
2024	121	130	129	113	110	193	796	2006	64

Frå eit fellingsresultat på 653 hjortar i 2019, har talet på fellingar auka noko til 796 hjortar i 2024. Sjå elles fellingsrapportar:

<https://hjorteviltregisteret.no/Fellingsrapport/Historisk/1511?art=0&aar=> Men her visast heller ikkje tildelte dyr og fellingsprosent.

Gjennomsnitts vektor hjort 2019 – 2024

Jakt år	Han kalv kg	Ho kalv kg	Bukk 1 ½ år kg	Kolle 1 ½ år kg	Bukk 2 ½ år og eldre kg	Kolle 2 ½ år og eldre kg
2019	24,56	24,19	48,00	42,8	98,4	59,07
2020	25,88	22,73	49,48	41,92	82,47	56,16
2021	24,34	24,00	47,85	42,07	79,13	55,91
2022	24,77	22,95	48,14	41,49	83,53	56,34
2023	26,22	24,37	47,09	41,63	84,39	57,39
2024	25,61	23,71	47,58	41,78	78,23	55,32

Talmaterialet for slaktevekt er lite og ein kan ikkje trekkje ein konklusjon, men ein ser klart at vekta på eldre dyr går ned og dette kan indikere at ein skyt dei eldre dyra i ein fase der dei burde vore produksjonsdyr. Slakte vektene kan seie også noko om kondisjonen i bestanden, men i utgangspunktet ser det ut til at det er ein viss stabilitet i vektene.


Minsteareal

Ved godkjenning av driftsplanar kan kommunen fråvike minsteareal med +/- 50 %.

Rovde utmarkslag har vore ned i 275 dekar pr. dyr, men er noko høgare pr. i dag. Syvde utmarkslag 438 dekar pr. dyr. Hovda utmarkslag 450 dekar pr. dyr (850 dekar pr. dyr i ytre og 285 dekar der det har vore flest dyr). Søre Vanylven utmarkslag 350 dekar pr. dyr.

Det har kome fram gjennom møter ad. Hjorteforvaltninga i kommunen at det er ønskjeleg med at kommunen fastsett minsteareal. **Kommunen fastsett felles minsteareal til 350 dekar pr. dyr.**

Teljande areal i heile kommunen er om lag pr. i dag 1.137.000 dekar.



Teljande areal må etterjusterast og nytt kart over valda blir lagd ved plana som eit vedlegg.

Teljing av hjort på våren

Kvar vår vert det gjennomført teljing av hjort på innmarka i heile kommunen. Det er særst viktig at det vert telja/gjennomført lik år etter år for å få best mogleg oversyn av bestanden. Teljing av hjort på våren er og blir eit godt insitament på korleis hjortestamma utviklar seg.

13.04.2019	18.04.2020	17.04.2021	23.04.2022	22.04.2023	20.04.2024
1590	1624	1655	1845	1203	1298
0505.2019	02.05.2020	01.05.2021	07.05.2022	06.05.2023	04.05.2024
688	1099	1649	1624	1569	1123

Det finnast statistikk heilt tilbake til 1998 og fram til dagsdato. Teljinga har vore stabile tall dei siste åra, men ein nedgang frå 2023 og 2024.


Sett hjort og vårteljingane syner ikkje det same:

Jakt år	Sum sette hjort	Tal jegerdagar
2020	2748	726
2021	4618	1255
2022	3022	1179
2023	4190	1307
2024	7059	2006

Siste åra har tal jegerdagar og sett hjort auka mykje medan vårteljingane har gått noko ned. Det kan spekulerast i om bruken av termisk under jakta har ført til at sett hjort har auka, medan vårteljingane år for år er gjort på same vis utan termiske hjelpemidlar.

Fallvilt og påkøyrslar 2022- 2025

ÅRSAK/ÅR	2022	2023	2024	13.04.2025
Påkjørt av motorkjøretøy 24		34	28	7
Påkjørt av tog 0		0	0	0
Sykdom og skade 0		7	3	2
Felt av sikkerhetshensyn 1		0	0	0
Felt som skadedyr 0		0	0	0
Felt ulovlig 0		0	0	0
Andre årsaker 3		4	2	1
TOTALT	33	45	33	10



Mange av påkøyrslane er i Sylte, Eide Eidså dei siste åra. Hjorteviltet påverkast sterkt av menneskeleg aktivitet i leveområda. Utbygging av vegar og anna nedbygging av natur betyr at leveområda for hjort og anna vilt vert fragmentert og mindre. Meir trafikk og betre vegar førar ofte til auke i påkøyrslar. Forvaltninga må difor tilpasse seg slike inngrep, og justere forvaltninga for å førebyggje slike konflikhtar. Hjorten er meir påverkeleg av menneskeleg aktivitet, og endrar lettare vanane. Nedbygging av leveområda eller hogst av skog førar til at arten misser noko av leveområda sine.

Trafikkpåkøyringar er sentrale parameter i forvaltninga av hjort. Kombinasjonen av mykje dyr og mykje trafikk førar til mange påkøyringar som er trafikkfarleg og førar til store lidingar hjå dyra. Forvaltninga må ta følgjande av dette og redusere dyretalet i området som eit førebyggjande tiltak.

Skada på jord- og skogbruk

Hjorten er nøye på val av beite heile året. I prosjektet «Kostar hjorten meir enn den smakar?» blei effekten av beiting av hjort på avlingstap og tap av kvalitet undersøkt. Det blei funne ein klar tendens til størst avlingstap i ung 1. års eng dersom dei kringliggjande forhalda låg til rette. Gjennom feltforsøk blei det målt eit avlingstap på i overkant av 20 % ved første slått i førsteårs eng utsett for intensiv beiting av hjort frå haust til fram til byrjinga av mai, då trakk storparten av dyra opp i utmarka. Kommunen eller staten har ikkje tilskotsordningar for skade gjort av hjortevilt, og beiteskadar kan difor i einskilde tilfelle påføre grunneigarar vesentlege økonomiske tap. Hjorten beiter også gran og furu dersom matsituasjonen er kritisk. Barkgnaging vinter og vår har vert mest omfattande skadtype på skog av hjort. Det er i all hovudsak gran i hogstklasse III som blir mest utsett for dette. Slik granskog er typiske kvileområde for hjorten, og ikkje beiteområde i seg sjølv. Men hjorten gnagar ikkje lenger berre bark, den har også starta opp å beite betydelege menga med skot på nyplantingar. Der det samlast spesielt mykje hjort kan omfanget bli betydeleg, og dette kan få økologiske og ikkje berre økonomiske ringverknadar.

Ut frå dette er det svært viktig at valda tek høgde for dette i planane sine, slik at dyra kan fellast der dei er, og der dei gjer skade.

Mål og virkemidlar

Overordna mål.

Vanylven kommune skal ha ein biologisk sunne hjorteviltstammar som er berekraftig i forhold til beitetilgang og artsmangfaldet i naturen. Samstundes er det viktig å forvalte bestandane slik at det førar til avgrensa mengde konflikhtar med trafikken, jord- og skogbruksnæringa, privat hagar og friluftslivet. Innanfor desse ramane skal hjorteviltet forvaltast til beste for verdiskaping i landbruksnæringa og for lokale jegerinteresser.

Delmål og virkemidlar

Biologisk mangfald

Målet er å forvalte hjortestammen slik at den ikkje trugar det biologiske mangfaldet.

Det sjåast på at det ikkje vil vere nødvendige tiltak i førehald til storleiken på dagens hjortevilt stamme. Skrapdyr ordninga avviklast, då desse dyra kan klart overleve vintrane i vår kommune, som er forhaldvis kort med lite snø og godt med vinterbeite.

Trafikk

Målet er å redusere viltpåkøyringar monaleg.

Det er nok vanskeleg å setje eit konkret mål for denne utfordringa. Det er fleire ting kommunen i samarbeid med andre som kan betre situasjonen.

- Kommunen oppfordrar Fylkeskommunen (som er vegeigar på hovudvegane i Vanylven). At vegkantane ryddast ved vilttrekkja, samt å redusere fartsgrensa på spesielt utette strekningar for å avgrense/hindre viltulukka.
- Viltfondsmidlar kan også nyttast til rydding av vegstrekningar.

Beiteskadar i jord- og skogbruk

Målet er at hjorteviltbestandane skal forvaltast slik at beiteskadar i jord- og skogbruket ikkje rammar næringa i urimeleg grad.

Verkemidlar som aktørane har for å redusere beiteskadar er:

- At jaktlaga jakter på dyra som står i åker og nær gardsbruk. På den måten skapast uro, slik at dyra trekkjer unna gardsbruka og innmark.
- Kommunen bør ha ein lav terskel for å gje skadefellingsløyve, etter som det ikkje finnst skadeerstatningsordningar. Løyve blir gitt til grunneigarar, men det er ønskeleg at jaktlaga i dei aktuelle områda vert kontakta.

Andre interesser i utmarka

Målet med jakta skal utøvast på ein slik måte at andre brukarar av utmarka ikkje unødig belasta

Både jagarar og andre som ferdast i utmarka må vise respekt for og omsyna av kvarandre aktivitet. Følgjande kan gjerast om målet ikkje innfrir:

- Fylkeskommunen kan på eige initiativ eller etter forslag frå kommunen innskrenke jakttida på hjort. Dette kan gjerast om jakta i einskilte områder hindrar friluftslivet eller annan jaktutøving.
- Grunneigarar kan, innanfor dei nasjonale jakttidene, sette innskrenkingar for jakt på eigen eigedom. Dette kan mellom anna gjelde når og kvar jakt kan utøvast, og kor mange dyr som kan fellast pr. dag.

Landbrukets næringsinteresser

Målet er at hjorteviltforvaltninga skal vere berekraftig, og gje ein høgst mogleg avkastning for landbruksnæringa. Dette skal gå føre seg innanfor det som er naturens bærekraftige tolegrense.

I følge viltlova er det ingen som eigar viltet, men lova gjev grunneigarar jaktretten. Jaktretten blir på den måten avkastninga frå viltstamma og kan samanliknast med andre inntekta frå landbruket. Dette gjer at ein del grunneigarar ønskjer ein viltstamme som gjev ein høg tettleik og høg avkastning. Dette ønskje må balanserast mot andre interesser for viltstamma.

Hjort

Mål for kommunen er at ein skal ha ein berekraftig hjortestamme der hjorten er den naturlege hjorteviltarten i området. Det er også eit mål at rettighetshavarane profesjonaliserer hjortejakta gjennom hensiktsmessig organisering og jaktutøvelse, på tvers av jaktfeltstrukturar.

Kommunen finn det vanskeleg å setje eit måltal for hjortestamma i Vanylven kommune då statistikken er avgrensa. Når ein får betre statistikk med åra gjennom registrering i hjortevilt registeret vil dette vere mogleg ved evaluering av plana.

Andre virkemidlar

Alle storvalda skal levere 5 års planar som skal godkjennast av kommunen.

Kommunen ønskjer god dialog med rettigheitshavarane (grunneigarar, grunneigarlag) gjennom dialog og fellesmøte om hjorteviltforvaltninga.

Kommunen ønskjer eit tettare samarbeid i planområda i mellom. Dette for å kunne samordne avskytings strategien der kor det er hensiktsmessig.

Planområda bes om å utføre beiterregistreringar/vurderingar som ein del av planlegginga.

Viltfondet skal aktivt brukast til å auke kunnskapen om viltet og vedtak i hjorteviltforvaltninga.

Rettigheitshavarane har ansvar for å oppfylle lovverkets krav til ettersøks hund. Kommunen har kontrollfunksjonen.

Organisering av hjorteviltforvaltninga i Vanylven

	Funksjon
Fylkeskommunen	Juridisk rettleiar for kommunen med omsyn til jakt og Viltforvaltning.
Statsforvaltaren	Klageinstans i saker om viltforvaltning for vedtak fatta av kommunen.
Kommunen	Rådgevar, rettleiar og tenesteytar for rettshavarane og styresmakt i forhold til lovar og forskrifter. Kommunen godkjenner vald og bestandplanar. Og vil utføre kontrollar som ligg til rollen som viltorgan.
Vanylven hjorteviltutval	Det vert oppretta rådgevande organ for hjorteviltforvaltninga i Vanylven kommune. Valdleiar i storvald med forvaltningsplan/bestandsplan vert automatisk medlem av hjorteviltutvalet, kommunes viltforvaltar er sekretær og sakshandsamar til utvalet.
Ettersøk avtale med to representantar	Handtere fallvilt for kommunen og yter ettersøk under jakta for vald med avtale. Kommunen har avtale med to representantar til dette føremålet.
Mattilsynet	Utførar viltkontroll.
Politi	Kontroll- og tilsynsoppgåver.
Statens naturoppsyn (SNO)	Kontroll- og tilsynsoppgåver.
Storvald med plan	Utførar målretta forvaltning gjennom planbasert jakt.